

VEDTEKTER.

Detaljregulering for Bjørnestø Småbåthamn.

PlanID: 1263-201401.

Dato: 10.08.2015

Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke sikkerheten eller framkomst i sjøområdet krev løyve frå Bergen og omlag havnevesen (BOH). Søknaden må sendes til BOH i god tid før tiltaket vert i verksatt.

1. Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr 1)

1.1. Uthus/naust/badehus

1.1.1 Naust

Område er delt opp i N (eksisterande naustområde) og f_N Naustrekke.

Innanfor N er det i dag eit naust, slipp og kai. Ingen endring av bruk.

I naustområdet, f_N, kan det innanfor byggegrensa oppførast maks 5 naust/naustrekke, eller fellesnaust.

1.1.2. Utnytting f_N

Maks areal naustrekke = 207 m² BYA/BRA.

Enkeltnaust (del av naustrekke)

- 1 etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m².
- Garnloft skal ikkje ha målbart areal.
- Areal vindauge/ dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av BRA.
- Det skal setjast opp fallsikring, i form av gjerde.

1.1.3. Høgder

Mønehøgda skal være maks 5 m målt frå topp ferdig golv. Knevegg på loft er ikkje tillate.

1.1.4. Terrenqtilpassing

Ved byggemelding skal det leggast frem snitt som viser forhold mellom parkeringsplassen, naust/naustrekke, planert terreng og havnivå. Området f_N skal ha ei planert høgde på maks 6 moh (meter over havnivå).

1.1.5. Støttemur

Støttemur - maksimal høgde på 1,5 meter. Natursteinsmur skal ikkje ha ein brattare helling enn 3:1.

1.1.6. Estetiske forhold

Nausta skal ha saltak med vinkel mellom 35 og 45 grader. Garnloftet kan ha vindauge mot sør-aust. Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.

Naust skal ikkje nyttast til varig opphald og overnatting.

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr 2)

2.1. Veg

2.1.1. Bruk av veggrunn

Vei f_V skal være felles for dei som har naust- og båtplass i småbåthamna.

Veg o_V er del av Vabuvegen Kv1205 og skal være offentlig.

2.1.2. Gangveg

Det skal byggast ein gangveg/sti frå parkeringsplassen og ned til båtanlegget. Gangvegen skal ha ein breidde mellom 1,2 – 1,5 m.

2.1.3. Avkjørsel /veg

Det skal vere avkjørsel frå offentlig veg (o_V) til felles veg (f_V) .

Det skal ikkje plantast eller setjast opp murar som er over 0.5 m eller hindrar sikt mot offentlig veg.

Maksimal helning i avkjørsel skal vera -2,5 % dei første 5 m frå vegkant inn i f_V.

Vegbredde minimum 3 meter.

2.2. Parkeringsplasser - generalisert

2.2.1. Parkering

Det skal lages plass til min. 7 biloppstillingsplasser for personbiler.

3. Landbruks- natur- og friluftsmål samt reindrift (pbl § 12-5 nr 5)

3.1. LNF

3.1.1 Området skal nyttast slik det er i dag.

4. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5 nr 6)

4.1.1. Småbåthamn

Det kan etablerast 20 båtplassar i flytebyggja innan for området f_S.

Tilkomstbru frå G til f_S skal leggjast slik at ein småbåt/robåt kan passere under og inn til naustet i området N.

5. Hensynssoner (pbl § 12-6)

5.1. Sikringsone – frisikt

Innanfor frisiktarealet er det ikkje tillate med murar, gjerder eller vegetasjon høgare enn 0.5 m over tilstøytande vegnivå. Terreng skal ikkje planerast høgare enn tilstøytande vegnivå.